

Prosjektstønad kultur, idrett og fritid (4036)



Referansenummer: HDXG87

Registrert dato: 01.09.2025 11:55:53

Talet på vedlegg: 12

Innleiing

Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå lokale lag og foreiningar. For søknadsfrist og annan relevant informasjon, sjå kommunens nettsider.

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Organisasjonsnummer

994743732

Føretak/lag/foreining

Folkemusikkscena på Rauland

Adresse

Akademiet 2

Postnummer

3864

Poststad

RAULAND

Telefon

91702497

Telefaks

Bankkonto

26200425811

Eventuelt forbund/organisasjon som laget er tilslutta

Opplysningar om kontaktperson

Førenamn

Ingrid

Etternamn

Hamberg

Adresse

Rjukanvegen 120

Postnummer

3864

Poststad

RAULAND

Telefon

91702497

E-post

ingrid.hamberg@usn.no

Nettadresse

visitrauland.com/vinterfestival

Eventuelle undergrupper/avdelingar innanfor laget

Namnet på gruppa	Leiar	Telefon

Tiltaket

Vi søker om tilskott til

☒ Arrangement

Grei nærmare ut om kva tilskottet skal brukast til

Rauland Vinterfestival er ein folkemusikfestival som har funne stad sidan 2008. Festivalen set søkjelyset på folkemusikk og tradisjonskunst, og inneheld både konsertar, foredrag, utstilling, korte og lengre kurs, dansekonsertar og kappleik. Hovudarenaen er Raulandsakademiet/Campus Rauland med fleire scener, foredragssal, verkstadar og kurslokale. Festivalen er eit samarbeid mellom Folkemusikkscena på Rauland, Universitetet i Sørøst-Noreg, Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk (USN Rauland) og Raulandsakademiet (RA)

Rauland Vinterfestival har som mål å vere ein viktig internasjonal møteplass for folkemusikk- og tradisjonskunstinteresserte, og bidra til gode kunst og kulturopplevingar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Festivalen skal også vera ein møtestad for musikktradisjonar frå ulike delar av verda og ein arena for forskingsformidling. Studentmiljøet ved USN Rauland bidreg sterkt inn i festivalen, og dei kjem stadig tilbake etter avslutta studie - som publikum, frivillige og artistar. Festivalen skal bidra til både fagleg påfyll og kunstnarlege opplevingar av høg kvalitet.

Rauland Vinterfestival er ein møtestad på tvers av generasjonar, med både lokalt, regionalt og internasjonalt publikum. Folkemusikktradisjonar i Noreg skal spele hovudrolla i festivalen, men det er også ein viktig del av festivalen at dei norske tradisjonane møter internasjonale folkemusikkuttrykk, både mht det kunstnarlege, faglege og sosiale. Festivalen legg stor vekt på å formidle gode opplevingar, såvel som forståelse og innsikt i eit etnomusikkologisk og kulturhistorisk perspektiv. Samarbeidet med USN og internasjonale partnerinstitusjonar gjev festivalen eit ungdommeleg, nyskapande og internasjonalt særpreg. Festivalartistar deltek ofte på kurs og dansefest for å sjølv få fagleg påfyll eller søke inspirasjon og opplevingar.

Rauland Vinterfestival set mål av seg å dyrke folkemusikk som levande kulturarv, gjennom å legge til rette for at formidlinga foregjev på sjangeren sine eigne premiss. Vi ynskjer å vera ein arena der både erfarne tradisjonsberarar og ivrige nykommarar kan møte kvarandre, utveksle kunnskap og finne inspirasjon. Kurs og intimkonsertar gjer det mogleg å vere tett på kjente aktørar i feltet.

Rauland Vinterfestival skal vere inkluderande og ope for alle. Vi vil nå ut til lokalbefolkninga med å skape arrangement i barnehage, skulen og aldersheim. Fastbuande, vinterturistane og hytteeigarar skal kunne nyte konsertar og utstilling på kveldstid. På Vinterkappleiken på laurdagen under festivalen er det også ein eigen "sjokoladekappleik for rekruttklassen. Kappleiken har ei romsleg open klasse for alle som vil vise seg på scenen, samt tevling i dei tradisjonelle klassene.

Mål for 2026

Vi jobbar vidare med profesjonalisering og utvikling. I 2025 var det store sprang på internstruktur, kommunikasjon, organisering, lyd/lys, artistkontakt/-avtalar. Vi tar dette med inn i planlegging for 2026. I tillegg vil vi:

- etablere tilbod til skulane, barnehagane og gamleheimane i Vinje
- etablere festivalbuss på fredags- og laurdagskveld frå/til hytteområda
- ha festivalprogrammet klar nok på hausten for å kunne marknadsføre skikkeleg
- utarbeide sponsoravtaler
- synleggjere tradisjonskunstprogrammet (kurs og utstilling)

- utvikle ein plan for å bruke friviljuge - gjerne i samarbeid med andre festivaler i Vinje kommune

Festivalen kom inn i musikkfestivalordninga til Kulturdirektoratet i forkant av festivalen i 2025. Festivalen fekk og stønad frå Telemark Fylkeskommune og Vinje Kommune i 2025. Det er avgjørande for vidare stønad frå kulturdirektoratet at både fylkeskommune og kommune støtter festivalen økonomisk. Vidare og fleirårig stønad frå det offentlige vil gjere at vi kan tenke langsiktig og jobbe meir effektivt og strategisk.

Søknadssum [NOK]

80000

Tilknytting til kommunen

Gjeld søknaden for eit lag / ei foreining utanfor kommunen, men med kulturtilbod til denne kommunen

☒ Nei

Laget/foreininga gjev kulturtilbod innafor

☒ Heile kommunen

Inntekter/utgifter

Før opp faktiske inntekter og utgifter for det siste rekneskapsåret.

Spesifikasjon av inntekter

Medlemskontingentar

0

Kommunale tilskott

75000

Andre tilskott

217000

Eigne arrangement

266993

Andre inntekter

0

Sum inntekter

558993

Spesifikasjon av utgifter

Husleige

20000

Kontingentar

4500

Faste driftsutgifter

0

Kurs/instruktør

291255

Diverse utgifter

203642

Sum utgifter

519397

Balanse

Kontantar kasse/bank

303240

Eigedommar
0
Fordringar/utestående krav
53475
Sum eigendelar
356715
Gjeld
0
Eigenkapital
356715
31.12.2024
Blir årsmeldinga lagd ved elektronisk?
☒ Ja ☐ Nei

Vedlagt dokumentliste
2024 Årsregnskap Folkemusikkscena på Rauland.pdf
2025 Vinterfestival Resultatrapport.pdf
Intensjon_om_kommunalt_tilskot_ Rauland Vinterfestival_2026.pdf
University of Limerick academics at Norwegian Folk Music festival.pdf
Uttale _ Rauland Internasjonale Vinterfestival.PDF
Vest-Telemark Blad - 12.08.2025 Ingrid debuterer som festivalsjef.pdf
Vest-Telemark Blad - 12.08.2025 Klare for vinterkappleik og dans.pdf
Vest-Telemark Blad - 12.08.2025 Lærer gamle handverkstradisjonar.pdf
Vinterfestivalen Program 2025.pdf
Vinterfestivalen_ _ En liten juvel_ - USN.pdf
Foreløpig Resultatrapport - _2025-01-01 - 2025-04-15_.xlsx
Årsmelding 2024.docx